

## Medlems informasjon mars 2010

Årsmøte for Forum Gris blei avholdt sjå Prima Jæren 11/2-10.

Nytt styre blei:

**Leder:** Wenche H. Erga  
**Styremedlem:** Magnar Fjellheim ( ikkje på valg)  
**Styremedlem:** Leiv Kristian Skrettingland. (2 år)  
**Styremedlem:** Hanne Våland. (2 år)  
**1. Varamann:** Magnar Møller. ( møter på styremøtene)  
**2. Varamann:** Tommy T. Skretting.

Ny i valgnemda: Lars Oftedal

Der blei servert kjempegod mat.

Åge Bryne presangterte eit spennande konsept frå Klepp Rekneskapslag .  
Der var også eit ynskje om å bruke meir penger på forprøver og også  
gjerne gratis temakvelder for medlemmane.

Styret har bestemt å vente til hausten med å ta opp rådgjevare frå  
Danmark. Men Erik Jensen kjem opp 6 mars og blir ei veke her, han har  
gjerne litt ledig plass, så ta direkte kontakt med han. Telf.004540305710.

Til dei som gjerne vil ha all info frå Forum Gris direkte på e-meil og ikkje i  
brev, send ein e-meil til Tønnes Garborg. [tonnes@garborg.as](mailto:tonnes@garborg.as) Det blir  
billigere og mindre arbeid.

Me vil også oppfordre til å bruke internettsidene til Forum Gris  
[www.forumgris.no](http://www.forumgris.no)

Der vil all info om Forum Gris vere. Dei sidene vil me prøve å oppdatere  
betre i framtida.

**Me ber alle medlemene som bruker Forum Gris kraftfor om å sjekke innleggsedlane og gi tilbakemelding til ein i styret ( helst Leiv Kristian) vist der er forandring frå eit lass til neste.**

**Vil oppfordre til å sende inn forprøver av kraftforet vist ein har mistanke om at noko ikkje er som det skal. Der er følgeskriv å finne på LabNett sine sider [www.labnett.com](http://www.labnett.com) Der er også informasjon om innsending av prøver. Ved å sende kopi av fakturaen til Forum Gris så betaler me 500 kr.pr. prøve.**

**Forum Gris gav 10.000 kr til Freddie Helgesen sin 60 årsdag for hans store innsats for Forum Gris i alle år, og då spesielt i oppstarten. Uten hans faglege kompetanse og innsats trur me ikkje at Forum Gris hadde vært der det er i dag.**

**Me er invitert til FKRA sitt anlegg på kvalaberget onsdag den10/3 kl 10,00. Håper at flest mulig av våre medlemmer enten dei kjøper kraftfor der eller ikkje, kan ta turen inn til ein av våre hovedsponsorer og sjå på annlegget der. Program følger vedlagt.**

**Så vil styret ønskje alle medlemmer ein god vår, og kom gjerne med innspell om ting som me kan gjera.**

**For Forum Gris  
Leder Wenche H. Erga**